



Vågsøy kommune

Møteprotokoll

Oppvekst- og kulturutvalg

Møtested: Formannskapssalen, 3. etg.

Møtedato: 02.06.2015

Tidspunkt: 08:00 - 11:15

Til behandling: Saksliste nr. 011/15 - 017/15

Medlemmer:

- H - Anett Berg (Leder)
- AP - Frode Falkevik Kupaen (Medlem)
- V - Selma Strand Larsen (Medlem)

Varamedlemmer:

- KRF - Olav Gjesdal (Varamedlem)
- SP - Marit Nore Sørhaug (Varamedlem)
- H - Andreas Wik (Varamedlem)

Forfall:

- H - Erlend Hagen (Medlem)
- SP - Terje Kolseth (Medlem)
- FRP - Kåre Eide (Medlem)
- KRF - Marianne K. Pleym Refvik (Medlem)

Av 7 medlemmer møtte: 3. Totalt frammøtte: 6.

Fra administrasjonen møtte: rådmann Knut Ove Leite, kommunalsjef Ove Aksnes, økonomisjef Norvall Bakke og tjenesteleder kultur Odd Gunnar Myhre.

Måløy, 03.06.2015

Ove Aksnes
kommunalsjef

Irene Sivertsen
konsulent

Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
011/15	Godkjenning av møteprotokoll	
012/15	Referatsaker	
013/15	Oppstart av prosjekt xxxx nye bibliotek og arkivlokale	
014/15	Kulturmidlar 2015	
015/15	Årsavslutning regnskap og Årsmelding 2014 for Vågsøy kommune	
016/15	Endring av vedtekter for SFO	
017/15	Fjordly barnehage - Søknad om underskuddsgaranti	

Endring sakliste:

Det ble bestemt å flytte OK-sak 017/15 etter OK-sak 012/15.

Kommunalsjef Ove Aksnes orienterte om følgende:

- Forslag til sommerskole v/ Skavøypoll idrettslag fra sommeren 2016
- Situasjon vedr. rektorstilling v/ Skram skole

Rådmann Knut Ove Leite orienterte om følgende:

- Byggeprosesser Skavøypoll skule og Vågsøy ungdomsskule
- Svømmeanlegg Tennebø. Vil komme som egen sak på et senere møte

Tjenesteleder kultur Odd Gunnar Myhre orienterte om følgende:

- Videre arbeid med klatrepark i Vågsøy



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	02.06.2015	011/15

Endelig vedtak i: Oppvekst- og kulturvalet	Arkivsaknr.: 15/701	Saksansvarlig: Dagny-Ann Gangeskar
--	-------------------------------	--

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

02.06.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig godkjent.

OK-011/15

Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møtebok frå forrige møte er sendt på epost og ligg i politikarportalen under «Mine referater»



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	02.06.2015	012/15

Endelig vedtak i: Oppvekst- og kulturutvalet	Arkivsaknr.: 15/700	Saksansvarlig: Dagny-Ann Gangeskar
--	-------------------------------	--

Referatsaker

Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

02.06.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Kommunalsjef Ove Aksnes, tjenesteleder kultur Odd Gunnar Myhre og rådmann Knut Ove Leite orienterte.

Rådgiver skole, Torill Furnes Myhre, orienterte om prosjektet «Glade mennesker som mestrer i Vågsøyskolen».

Ref. sak 20: Innkallingsrutiner for 17. mai komiteen

Oppvekst- og kulturutvalget var enige om at kommunen ikke bør involveres i dette arbeidet.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

OK-012/15

Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

Liste over dokumenter til orientering:

Nr	Dok.ID		Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	15/5440	I	05.05.2015	Det kongelige helse- og omsorgsdepartement et	Rundskriv - Beredskap i skoler og barnehager
2	15/5440	I	05.05.2015	Det kongelige helse- og omsorgsdepartement et	Rundskriv - Beredskap i skoler og barnehager
3	15/5816	U	18.05.2015	Hilmar Kråkenes;	Referat frå møte i

				Sølvi Håvik; Sonja Vedvik	Samarbeidsutvalet i Skavøypoll barnehage 27.04.2015
4	15/5629	I	11.05.2015	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Vågsøy - Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg 2015 - Nord- Vågsøy
5	15/5241	I	24.04.2015	Miljødirektoratet	Sats på friluftsliv i nærmiljøet - det lønner seg!
6	15/4661	I	15.04.2015	Stiftelsen Musea i Sogn og Fjordane	Årsmelding 2014 for Stiftinga musea i Sogn & Fjordane
7	15/5452	I	07.05.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga	Tilbakemelding - desentralisert tilskot til kulturbygg 2015, kulturhuset Turnhallen, anl. nr. 1439 0045 01
8	15/5102	I	29.04.2015	Stiftelsen Innsamlingskontrollen i Norge	Krav til ideelle organisasjoner
9	15/5115	X	29.04.2015		Årsrapport 2014 - ansvar 2800 kultur
10	15/5003	X	27.04.2015		Årsrapport 2014- Ansvar 2130
11	15/4999	X	27.04.2015		Årsrapport 2014 - Ansvar 2210 Skram skole
12	15/4911	X	26.04.2015		Arsmelding 2014 Ansvar 2300
13	15/4904	X	24.04.2015		Årsrapport 2014 -Ansvar 2270 Raudeberg skule
14	15/4896	X	24.04.2015		Årsrapport 2014 - Ansvar 2120 Holvik barnehage
15	15/4702	X	21.04.2015		Årsrapport 2014 - Ansvar 2140 Skavøypoll barnehage
16	15/4936	X	27.04.2015		Årsrapport ansvar 2220 Holvik skule
17	15/5217	X	30.04.2015		Årsrapport 2014 ansvar 2240
18	15/5997	X	21.05.2015		Prosjektplan Glade mennesker som meistrar i Vågsøyskulen - endelig versjon
19	15/6074	X	25.05.2015		Milepælar i Glade Mennesker som meistrar i Vågsøyskulen
20	15/6113	I	20.05.2015	Torill Eide Tennebø	Innkallingsrutiner for 17. mai komiteen
21	15/5505	I	04.05.2015	Vågsøy Historielag	Verning av historisk materiale frå Vågsøy ungdomsskole
22	Skolekorpsa i Vågsøy - rekruttering				



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	02.06.2015	013/15
Formannskap	04.06.2015	064/15
Kommunestyre	18.06.2015	

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 15/454	Saksansvarleg: Odd Gunnar Myhre
------------------------------------	------------------------	------------------------------------

Oppstart av prosjekt xxxx nye bibliotek og arkivlokale

Rådmannen si innstilling

1. Vågsøy kommune inngår 10-årig leigeavtale med Brunsvik Eff. AS om leige av lokale i gate 1 nr 36, 2. etasje.
2. Bibliotekfilialen på Bryggja vert lagt ned og gjeldande avtale om lokale vert sagt opp. Boksamlinga vert tilbydd skulen.
3. Gjeldande avtale om arkivlokale vert sagt opp.
4. Kommunestyret godkjenner prosjektplan og oppstart av investeringsprosjekt «xxxx Nye bibliotek og arkivlokale». Prosjektet finansierast innanfor disponibel låneramme for 2015 med 1,0 mnok. Investeringsprosjektet innarbeidast i årsbudsjett 2015 i økonomimelding I 2015.
5. Auka driftsutgifter husleige innarbeidast i driftsbudsjett for 2016 ved revidering av økonomiplan 2015 - 2018.

02.06.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Tjenesteleder kultur Odd Gunnar Myhre orienterte.

Sp v/repr. Marit Nore Sørhaug fremmet følgende endringsforslag til punkt 2 i rådmannens innstilling:

«2. Biblioteket på Bryggja må oppretthaldast, dette i fylgje avtale med Vågsøy kommune».

Votering

Det ble først votert over punkt 1 i rådmannens innstilling. Denne ble enstemmig vedtatt.

Det ble deretter votert alternativt over rådmannens innstilling punkt 2 opp i mot endringsforslag fra Sp. Rådmannens innstilling punkt 2 ble vedtatt.

Det ble så votert over punktene 3, 4 og 5. Disse ble enstemmig vedtatt.

Oppvekst- og kultutvalgets vedtak:

1. Vågsøy kommune inngår 10-årig leigeavtale med Brunsvik Eff. AS om leige av lokale i gate 1 nr 36, 2. etasje.
2. Bibliotekfilialen på Bryggja vert lagt ned og gjeldande avtale om lokale vert sagt opp. Boksamlinga vert tilbydd skulen.
3. Gjeldande avtale om arkivlokale vert sagt opp.
4. Kommunestyret godkjenner prosjektplan og oppstart av investeringsprosjekt «xxxx Nye bibliotek og arkivlokale». Prosjektet finansierast innanfor disponibel låneramme for 2015 med 1,0 mnok. Investeringsprosjektet innarbeidast i årsbudsjett 2015 i økonomimelding I 2015.
5. Auka driftsutgifter husleige innarbeidast i driftsbudsjett for 2016 ved revidering av økonomiplan 2015 - 2018.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

LOV 1985-12-20 nr 108: Lov om folkebibliotek (folkebibliotekloven).
Forskrift om offentlege arkiv

Bakgrunn for saka

Dagens bibliotek er plassert i Heradsheim. Kulturskulen er også i Heradsheim, men er planlagt lokalisert i ny ungdomsskule. Lokale er ikkje eigna til korkje bibliotekdrift eller kulturskule og dei har begge trong for meir tilpassa og funksjonelle lokale. Det er lenge sidan dagens bibliotektilbod har vore evaluert, og det er trong for å sjå på muligheter for eit meir moderne, attraktivt og tidsriktig bibliotek.

Det arbeidast med å etablere eit opplevingssenter i Heradsheim og stiftinga Måløyraidsenteret har eit kommunestyrevedtak på at dei skal overta bygget. Under markeringa av frigjøringsdagen i Måløy 8. mai vart det opplyst at Kulturdepartementet løyver 600 000 kroner i årleg tilskot. Stiftinga har som mål å opne senteret i 2016.

Kommunen har og trong for nye arkivlokale.

Saksopplysningar / fakta

Hovudbiblioteket var på brannstasjonen fram til 1984. Då vart biblioteket flytta til større lokale i «YFK-bygget» i Sæterneset. I 1999 vart biblioteket igjen flytta, denne gong til 2. etasje i Brunsvikbygget. I 2004/2005 vart det flytta til dagens lokale i Heradsheim, noko som skulle vere ei midlertidig løysing.

Heradsheim er eit gammalt administrasjonsbygg som er inndelt i små rom og ikkje tilpassa bibliotekdrift. Det er teke i bruk delar av andre etasje, men dette er ikkje ei god løysing då det ikkje er heis i bygget. Fyrste etasje er på om lag 190 kvadratmeter. Tilbodet utover tradisjonelt utlån er avgrensa på grunn av veldig lite areal. Fasilitetane for dei tilsette er særst dårlege.

Nokre små lagerrom i fyrste etasje er teke i bruk til bokmagasin. Romma er mørke, fuktige og tronge og er derfor ikkje eigna til å oppbevare bøker. Hovudbiblioteket har opent 20 timar i veka.

Vågsøy kommune driftar òg ein bibliotekfilial på Bryggja som ligg i grendehuset. Største brukar er Bryggja skule. Denne filialen har ope fire timar i veka, to av desse i skuletida og to på ettermiddag.

Den totale stillingsprosenten på biblioteket er på 130 prosent, fordelt på to stillingar. Det er tilsett fagutdanna bibliotekar i full stilling.

Utvikling av besøk og utlån på hovudbiblioteket i Måløy:

Årstal	Besøk	Utlån	Plass
1998	4 709	9 024	Sæterneset
2003	8 000	11 506	Brunsvikbygget
2007	5 722	7 839	Heradsheim
2012	6 291	9 088	Heradsheim
2014	5 862	6 663	Heradsheim

Utviklinga av besøk og utlån på filialen på Bryggja:

BRYGGJA:

Årstal	Besøk	Utlån
1998	1 100	3 088
2003	850	1 980
2007	879	1 542
2012	901	1 411
2014	742	1 316

På Bryggja er det auka bruk frå skulen si side som held utlånsstatistikken oppe. Av utlånet i 2012 var 1.015 til barn.

Vågsøy kommune brukar om lag 0,3 prosent av kommunen sine netto driftsutgifter til bibliotek, samanliknbare kommunar brukar 0,5 prosent, snittet i fylket er på 0,6 prosent. Vi brukar 131 kroner pr. innbyggjar på bibliotek, snittet i Sogn og Fjordane er på 318 kroner.

Drift av bibliotek er regulert gjennom LOV 1985-12-20 nr 108: Lov om folkebibliotek (folkebibliotekloven).

§4: Alle kommuner skal ha et folkebibliotek

§1: Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.

Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.

Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.

Inventaret som er på Heradsheim og på Bryggja er gammalt, upraktisk og utslitt. Uvisst kor gammalt, men mest truleg er det 20-30 år sidan det vart kjøpt inn. Det er òg litt ulike system som gjer det utfordrande å setje hyllene saman og det manglar delar. Noko som er uråd å få tak i.

Det har vore problem med fuktighet i dei lokalen som kommunen leiger til arkiv. I følgje utleiger skal desse problema vere utbetra no. Gjeldande avtale vart signert 01.02.2013 og er bindande fram til 01.02.2018. Vågsøy kommunen har behov for lager og dette lokalet kan brukast til det fram til avtalen går ut.

Det stilles visse krav til arkivlokale jf. «Forskrift om offentlege arkiv kap. IV». Inventaret som er på dagens arkiv kan flyttast og brukast i nytt lokale.

Det er lyst ut etter lokale til bibliotek og arkiv. Det kom inn 6 tilbod om biblioteklokale og 5 tilbod om arkivlokale. Det var søkt etter minimum 250 kvadratmeter til bibliotek og 150-200 kvadratmeter til arkiv.

Biblioteklokale:

Tilbod	Kvadratmeter	Pris pr kvadratmeter	Kommentar/vurdering
1	674	540	Aktuelt
2	Ikkje oppgitt, men nok	Ikkje oppgitt	Planlagt bygg, usikkert
3	230	600	For lite areal/for lite sentralt
4	360 - 400	425	For lite sentralt
5	Ikkje oppgitt, men nok	Ikkje oppgitt	For lite sentralt
6	400	850	For dyrt

Arkivlokale:

Tilbod	Kvadratmeter	Pris pr kvadratmeter	Kommentar/vurdering
1	674	540	Aktuelt pga lokalisering med bibliotek
2	167	599	For dyrt
3	Inntil 500	500	For dyrt
4	Ikkje oppgitt	550	For dyrt
5	153 - 207	250	Aktuelt

Fiskerimuseet i Måløy har planar om å kjøpe Emy-Fish-buda og skape eit fiskerihistorisk senter der. I forprosjektet er det lagt opp til eit investeringsbehov på 22 000 000 kroner. Bygget er på 9 000 kvadratmeter, dei sjølve treng om lag 4 000 av desse. Dei resterande 5 000 ynskjer dei å leige ut. I forprosjektet har dei teikna inn kulturskule og bibliotek. I samband med rehabilitering/bygging av ny ungdomsskule er det planlagt med at kommunens kulturskule skal samlokaliserasast med ungdomsskulen.

Fiskerimuseet i Måløy søkte kommunen om 2 000 000 kroner i tilskot til investering hausten 2014. Sak om dette var oppe i kommunestyret den 11.12.2014 og det vart gjort følgjande vedtak i sak 074/14:

- 1. Vågsøy kommune er positive til planen om å etablere eit fiskehistorisk kunnskapssenter i Måløy.*
- 2. Kommunen skal bidra aktivt slik at det aktuelle tiltaket finn ei løysing innafor museumsstrukturen og for at fylkeskommunen og stiftinga Musea i Sogn og Fjordane tek ansvar for prosjektet.*
- 3. Rådmannen får i oppdrag å utrede ei samlokalisering med kulturskule og bibliotek i den gamle Emy-Fish buda. Utredninga skal inneholde vurdering om kjøp eller leie (evnt. ein kombinasjon) av nødvendig areal til kulturskule og bibliotek. Kostnad med nødvendig opprusting/investeringer skal inngå i utredninga.*

Det vart ikkje løyvd midlar til dette prosjektet. I følge søknaden som kommunen fekk i november 2014 har dei fått løyvd 1 000 000 kroner. Samlokalisering med Fiskerimuseet blir vurdert som lite realistisk no. Basert på kjende kostnader vil dette gje det dyraste alternativet, samstundes som det ikkje er avklart kven som tek på seg ansvar for å ferdigstille den resterande del av bygget.

Vurdering / konsekvensar

Dagens bibliotek framstår mest som ein oppbevaringsplass for kommunen si boksamling. Forventningane til eit tidsriktig bibliotek i dag inneber at biblioteket fungerer som ein møteplass og kulturarena. Med dagens lokale er denne oppgåva umogleg. Det er alt for lite til å kunne utvikle gode lesesoner, bruke digitale media, lese aviser eller tidsskrift. Det er og utfordrande å lage til ei god barne- og ungdomsavdeling som gjer det attraktivt for skuleklasser og barnehagar å bruke biblioteket. Dei fleste som nyttar biblioteket i dag, kjem inn for å låne ei bok og går ut att med ein gong. Dagens bibliotektilbod er ikkje tilrettelagt for å fungere som ein møteplass. Med nye lokale kan det nyttast til ulike arrangement som til dømes, forfattarbesøk, foredrag, lesestunder for barn og små konsertar. Det kan òg bli plass til utstillingar og andre typar kulturtilbod. Eit bibliotek fullt av aktivitet kan vere ein viktig trivsel- og vekstfaktor i kommunen og eit høveleg lokale vil vere eit stort steg i riktig retning ift dette.

Filialen på Bryggja fungerer i all hovudsak som eit skulebibliotek. Skulen får tilbod om å ta imot dei bøkene og det utstyret som dei vil ha for å lage eit skulebibliotek på skulen. Slik besøkstala er no er det ikkje grunnlag for å halde fram med å drifte filialen. Dersom det framleis skal vere filial på Bryggja er det trong for å gjer ein del investeringar. Det er ikkje tilgang til internett på filialen og dermed ikkje mogleg å bruke det elektroniske biblioteksystemet.

Frivilligsentralen har i dag kontor i 2. etasje i Selstadgården. Ved å tilby dei kontorlokale i tilknytning til biblioteket kan det skape nye tilbod og aktivitetar.

Eit alternativ kunne vore å lokalisere biblioteket saman med eit fiskerimuseum. Vågsøy kommune ga i haust ikkje tilskot til investering. Det er framleis stor usikkerhet om prosjektet vert realisert.

Kulturskulen er planlagt lokalisert saman med ny ungdomsskule. Dersom stiftinga Måløyraidsenteret skal ta over Heradsheim vil det for ei periode vere ei utfordring med å plassere kulturskulen fram til rehabilitert/ny ungdomsskule er på plass. Aspirantopplæring føregår ute på skulane i dei ulike bygdene. Formingsavdelinga treng spesierom så der må det vurderast om det er mogleg å få til noko sambruk med til dømes Skram skole i ei periode. Kulturskulen har trong for undervisningsrom til song, piano og gitar. Det trengs 3 små kombinerte undervisningsrom/kontor som er tilnærma lydette. Dette kan ein vurdere om kan etablerast i samband med det nye biblioteklokalet. Det er og trong for å finne kontor til fagforbundet og utdanningsforbundet som og held til i heradsheim.

Rådmannen vurderer tilbodet som er kome frå Brunsvik Eftf AS som det beste alternativet. Kommunen har fått tilbod om å leige lokal i andre etasje i Brunsvikbygget, der det no er bowling. Lokalet er på 674 kvadratmeter og det er derfor god plass til både bibliotek og arkiv. Det er og muligheter for å samle fleire tilbod/aktivitetar i lokale, til dømes frivilligsentralen. Frivilligsentralen er positive til lokalisering saman med biblioteket.

Her er det mogleg å legge til rette for 3 undervisningsrom og kontor for dei tilsette på kulturskulen, som ei midlertidig løysing i byggeperioden av ny ungdomsskule. Det kan og vere aktuelt å legge til rette for kontor for utdanningsforbundet og fagforbundet.

Det er gode parkeringsmoglegheiter framfor bygget i gate 1 og det er ein stor parkeringsplass på oversida med tilkomst til bygget. Lokale ligg sentralt til og har vore nytta som bibliotek før. Lokalet er triveleg og det er mykje vindauge i bygget.

Huseigar vil ta kostnadane med ombygging av lokale slik kommunen vil ha det, mot at det vert ei langsiktig leigeavtale på minimum 10 år. Det vert mellom anna sett inn ny heis og det vert bygd nye toalett, kontorplassar, pauserom og ny kjøkkenløyning. I tillegg vert det delt av og lagt til rette for arkivlokale. Innreiing må kommunen syte for.

Lokalet er på 674 kvadratmeter til ein kvadratmeterpris på 540 kroner pr år. Totalt vil leigekostnaden då bli på 364 000 kroner pr år.

I dag er leigekostnadane 45 000 kroner for biblioteklokale på Bryggja. Tilbodet er lite brukt og biblioteket fungerer i stor grad som eit skulebibliotek.

Kommunen leiger og arkivlokale til om lag 80 000 kroner årleg. Dersom ein brukar 150 kvadratmeter til arkiv, vert det ei årleg utgift på 81 000 kroner til arkivlokale, noko som tilsvarar dagens kostnad.

Det vert då 524 kvadratmeter att til bibliotek og eventuelt andre tilbod. Leigeprisen for dette arealet vert då 283 000 kroner. Legg vi ned filialen på bryggja vert det 238 000 kroner i meirutgifter på leige av biblioteklokale.

Inventaret som er på biblioteka i dag må skiftast ut. Det er ønskelig å ha reolane på hjul slik at dei kan flyttast og tilpassast ved t.d. møter, konsertar, foredrag og andre typar arrangement. Det gir ein større fleksibilitet av lokalet. Det vert lettare å ta imot skular, barnehagar og andre grupper. Ein del disponibelt areal gjer det mogleg med andre tilbod på biblioteket, som t.d. studierom, lesesal, møterom for lag og organisasjonar og liknande.

Ein del bibliotek har òg utstyrssentral. Der kan folk låne alt frå bilstolar, fiskeutstyr, redningsvestar, sykklar og liknande. Dette er spesielt aktuelt for turistar og tilreisande og for folk som ikkje har så god råd. Det kan vere eit godt tilbod til flyktningane som kjem til kommunen.

Kommunen har vore i kontakt med ein konsulent på biblioteksentralen og fått opplyst at det vil koste om lag 2200–2500 kroner pr. kvadratmeter for å innreie eit bibliotek. Tek vi utgangspunkt i eit utlånsareal på 350 kvadratmeter vert denne kostnaden på mellom 770 000 og 875 000 kroner. I tillegg vil det kome 15-20 000 kroner i konsulenttenester for å få designa lokalet. Det vil og kome nokre utgifter i samband med flytting av bibliotek og arkivlokale.

Investering

Inventar og utstyr	kr	850 000
Konsulent – design	kr	20 000
Utgifter med flytting av arkiv/bibliotek	kr	50 000
Uforutsett	kr	80 000
Totalt, eks mva	kr	1 000 000

Årlege utgifter

Leige av nye lokale	kr:	364 000
Legge ned filial på bryggja.	kr:	- 45 000
Totalt	Kr:	309 000

Etter at gjeldande avtale om arkivlokale går ut vil vi i tillegg kunne spare 80 000 kroner på å ikkje fornye avtalen. Då vil dei årlege utgiftene bli på 239 000 kroner i året.

Ei realistisk framdrift er at ein brukar hausten 2015 på å flytte og er klar til å opne nytt lokale 01.01.2016. Auka driftsutgifter må innarbeidast i budsjettet for 2016.

Dersom kulturskulen må ut av Heradsheim må vi legge til rette for 3 undervisningsrom/kontor i lokalet. Det er areal til å løyse dette behovet. Desse romma kan brukast til studierom, grupperom når kulturskulen vert flytta.

Rådmannen tilrår at Vågsøy kommune inngår 10-årig leigeavtale med Brunsvik Eftf AS om leige av lokale i gate 1 nr 36, 2. etasje og at bibliotekfilialen på Bryggja vert lagt ned. Gjeldande avtale om arkivlokale vert sagt opp og arkivet vert lokalisert saman med biblioteket.

Kommunestyret godkjenner prosjektplan og oppstart av investeringsprosjekt «xxxx Nye bibliotek og arkivlokale». Prosjektet finansierast innanfor disponibel låneramme for 2015 med 1,0 mnok. Investeringsprosjektet innarbeidast i årsbudsjett 2015 i økonomimelding I 2015. Auka driftsutgifter husleige innarbeidast i driftsbudsjett for 2016 ved revidering av økonomiplan 2015 - 2018.

Vedlegg:
Dok.nr
167073

Tittel på vedlegg
Prosjekt XXXX Nytt bibliotek og arkivlokale .docx



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	02.06.2015	014/15

Endeleg vedtak i: Oppvekst- og kulturutvalet	Arkivsaknr.: 15/554	Saksansvarleg: Odd Gunnar Myhre
--	-------------------------------	---

Kulturmidlar 2015

Rådmannen si innstilling

Oppvekst- og kulturutvalet fordelar kulturmidlane for 2015 slik:

Søkar	Tildeling
Skavøypoll Idrettslag	6000
Tornado Måløy FK	6000
Måløy Idrettslag	6000
Bryggja Idrettslag	2500
Bryggja skulekorps	5000
Raudeberg skulemusikkorps	5000
Holvik skulekorps	5000
Skram skoles musikkorps	5000
Skavøypoll skulemusikkorps	5000
Vågsøy sportskyttarlag	2500
Almenning skyttarlag (innendørs)	5000
Almenning skytterlag (utendørs)	14000
Bryggja skyttarlag	3000
Måløy seilforening	3000
Måløy Disc Golf	3000
Vågsøy klatreklubb	14000
Eliasklubben	5000
Hei og Hå 4H	5000
TOTALT	100 000

02.06.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Tjenesteleder kultur Odd Gunnar Myhre orienterte.

Et felles Oppvekst- og kulturutvalg fremmet følgende endring til rådmannens innstilling:

«Endre tildelingssum frå kr 14.000,- til kr 11.500,- for Almenning skyttarlag (utandørs).
Endre tildelingssum frå kr 14.000,- til kr 11.500,- for Vågsøy klatreklubb.
Endre tildelingssum frå kr 0,- til kr 5.000,- for Halsør Grand Prix»

Votering

Rådmannens innstilling ble votert alternativt opp i mot endringsforslag fra Oppvekst- og kulturutvalget. Endringsforslag fra Oppvekst- og kulturutvalget ble enstemmig vedtatt.

OK-014/15

Vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet fordeler kulturmidlane for 2015 slik:

Søkar	Tildeling
Skavøypoll Idrettslag	6000
Tornado Måløy FK	6000
Måløy Idrettslag	6000
Bryggja Idrettslag	2500
Bryggja skulekorps	5000
Raudeberg skulemusikkorps	5000
Holvik skulekorps	5000
Skram skoles musikkorps	5000
Skavøypoll skulemusikkorps	5000
Vågsøy sportskyttarlag	2500
Almenning skyttarlag (innendørs)	5000
Almenning skytterlag (utendørs)	11500
Bryggja skyttarlag	3000
Måløy seilforening	3000
Måløy Disc Golf	3000
Vågsøy klatreklubb	11500
Eliasklubben	5000
Hei og Hå 4H	5000
Halsør Grand Prix	5000
TOTALT	100 000

Bakgrunn for saka

Det er sett av kr 100.000,- til fordeling i budsjettet for 2015. Det er informert om ordninga i Fjordenes Tidende, Facebook og på heimesida til kommunen.

Saksopplysningar / fakta

Etter ønske frå oppvekst og kulturutvalet vart kriteria for tildeling av kulturmidlar endra i møte 8. mai 2012. Det vart mellom anna opna opp for å gje støtte til nyskapande prosjekt.

KRITERIUM FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR:

Målet med kulturmidlar:

Målet med ordninga er å fremje eit attraktivt og allsidig kulturliv i heile kommunen. Kulturmidlane skal vere med på å stimulere til eit variert og aktivt miljø.

Oppvekst og kulturutvalet delar ut midlar til lag og organisasjonar etter gjeldande retningslinjer og innanfor budsjetterte rammer.

Kven kan få midlar?

Ein legg til grunn eit utvida kulturomgrep.

Unnateke frå stønad er lag som primært tek vare på dei yrkesmessige og økonomiske interesser til medlemmane. Politiske parti inkl. ungdomsorganisasjonane og organisasjonar der ein viktig del av verksemda er å samle inn til andre føremål.

1. Vågsøy kommune kan gje tilskot til kulturtiltak i kommunen.
2. Vågsøy kommune kan i visse høve gje tilskot til kulturtiltak utanfor kommunen, dersom det kan komme kommunen og innbyggjarane til gode.
3. Kommunale kulturmidlar kan delast ut til frivillige lag og organisasjonar.
4. Søkjarane må sende søknadane elektronisk og innan fristen. Krav om at informasjon skal være utfyllt i skjema for at søknaden skal bli godkjent.
5. Det er hovudlaget som skal stå som søker.
6. Søkjarane skal på oppfordring frå administrasjonen leggje fram medlemslister.
7. Grupper med barn og unge under 20 år vert prioritert.
8. Løyvingane kan relaterast til talet på aktive medlemmar.
9. Beløpet som vert delt ut til kvar søker skal vere minimum kroner 2.500,-.
10. Søkjarane som får stønad skal ikkje nytte midlane til investeringar i bygg og anlegg.
11. Ved fordeling av kulturmidlane vil Vågsøy kommune leggje til grunn lokale kulturpolitiske prioriteringar.
12. Fordelinga av kulturmidlar skal stimulere arbeidet i frivillige lag og organisasjonar og oppmuntre desse til positive tiltak.
13. Dei som mottar kulturmidlar forpliktar seg til å følgje opp ordninga med ledsagerbevis når det er innført i Vågsøy. Dette betyr at ledsager til funksjonshemma ikkje skal betale inngangsbillett på arrangement i regi av mottakarar av kulturmidlar.
14. Samarbeidsprosjekt som er nyskapande og utviklande vil bli prioritert.

Totalt er det søkt om 716 000 kroner fordelt på 26 søknader.

Idrett, song og musikk	Søknadsum	Tal på medl. under 19 år
Bryggja Idrettslag	15000	31
Måløy seilforening	10000	38
Skram skoles musikkorps	10000	9
Vågsøy sportskytterlag	10000	5
Raudeberg skulemusikkorps	20000	24
Skavøypoll idrettslag	100000	307
Tornado Måløy FK	100000	260
Måløy songlag	5000	0
Holvik skulekorps	15000	21
Bryggja skulekorps	15000	16
Måløy Disc Golf	10000	17
Vågsøy klatreklubb	15000	23

Viltkoret	20000	0
Skavøypoll skulemusikkorps	100000	40
Måløy idrettslag	50000	185
Almenning skyttarlag (innendørs)	25000	21
Almenning skyttarlag (utendørs)	57000	20
Bryggja skyttarlag	8000	17

Barne- og ungdomsarbeid	Søknadsum	Tal på medl. under 19 år
Eliasklubben	10000	15
Halsør Grand prix	5000	0
Hei og Hå 4H	10000	32

Grendalag/velforeninger - grendahus	Søknadsum	Tal på medl. under 19 år
Turnhallen	50000	30
UL Dæmring	10000	35
Våge - Oppedal bygdelag	5000	32

Anna	Søknadsum	Tal på medl. under 19 år
Vågsøy Thairening	20000	0
Vågsøy RC Lastebil	21000	2

Vurdering / konsekvensar

Kommunale kulturmidlar skal delast ut til frivillige lag og organisasjonar, i følgje kriteria skal grupper med barn og unge under 20 år prioriterast. Løyvingane kan relaterast til tal medlemmar og minste tilskot som ein betalar ut er på 2 500 kroner. I 2012 vart kriteria endra slik at vi òg kan gje tilskot til prosjekt som er nyskapande og utviklande.

Det er stor variasjon i søknadane og av den grunn er det vanskeleg å vurdere dei opp mot kvarandre. Nokre søker konkret på ein ting, medan andre søker om støtte til drift og nokre til begge delar.

Innanfor idrett, song og musikk er det kome inn 18 søknader. 2 av søkarane er kor med bare vaksne medlemmar, med så mange søknader er det vanskeleg å prioritere desse.

Det er kome inn 3 søknader frå ulike bygdelag/velforeningar. Nokre bygdelag er veldig aktive og har mykje aktivitet for barn og unge, men med så mange søknader og så lite midlar er det vanskeleg å prioritere bygdelag og velforeningar. Det er og kome ein søknad frå «Halsør Grand prix», ut frå søknaden vurderer vi ikkje dette som eit lag eller ein organisasjon.

I kategorien barne og ungdomsarbeid er det kome inn 3 søknader.

Vågsøy Thairening står oppført med vaksne medlemmar, men skriv i søknaden at dei ønsker å drive morsmålsopplæring til born. Vågsøy RC lastebil har to medlemmar som er under 19 år og det er born i familiemedlemskap. Desse vert ikkje prioritert.

Dersom vi skal tildele etter medlemstal vil dei 3 største idrettslaga få størstedelen av midlane. Dei har tradisjonelt fått ein stor del av midlane. Det er ikkje lagt så stor vekt på medlemstal i årets tilråding. I punkt 8 i kriteria står det at «løyvingane kan relaterast til talet på aktive medlemmar». Korpsen har dei seinare åra årene slitt med rekruttering og vi ynskjer å år prioritere desse.

I dei seinare år har ein prioritert nokre prosjekt/klubbar for å få nye aktivitetar/prosjekt opp å gå. Vågsøy klatreklubb er ein nystarta klubb som treng litt midlar for å få i gang aktiviteten. Almenning skyttarlag ynskjer å skape eit anlegg for leirdueskyting. I tilrådinga ligg desse inne med relativt store tilskot.

Det er utfordrande å finn ein god fordeling på kulturmidlane, det er søkt om over 700 000 kroner og det er kome inn 28 søknader. Rådmannen tilråd slik fordelinga v kulturmidlane i 2015.

Søkar	Tildeling
Skavøypoll Idrettslag	6000
Tornado Måløy FK	6000
Måløy Idrettslag	6000
Bryggja Idrettslag	2500
Bryggja skulekorps	5000
Raudeberg skulemusikkorps	5000
Holvik skulekorps	5000
Skram skoles musikkorps	5000
Skavøypoll skulemusikkorps	5000
Vågsøy sportskyttarlag	2500
Almenning skyttarlag (innendørs)	5000
Almenning skytterlag (utandørs)	14000
Bryggja skyttarlag	3000
Måløy seilforening	3000
Måløy Disc Golf	3000
Vågsøy klatreklubb	14000
Eliasklubben	5000
Hei og Hå 4H	5000
TOTALT	100 000

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	15.04.2015	Skavøypoll Skulemusikkorps	Søknad om tilskot til kulturarbeid
2	U	16.04.2015	Fjordenes Tidende	Søknad om kulturmidlar - annonse
3	I	21.04.2015	Holvik Skulekorps	Søknad om tilskot til kulturarbeid
4	I	23.04.2015	Måløy Disc Golf	Søknad om tilskot til kulturarbeid
5	I	27.04.2015	Måløy Idrettslag	Søknad om tilskot til kulturarbeid
6	I	27.04.2015	Måløy Songlag	Søknad om tilskot til kulturarbeid
8	I	04.05.2015	Skavøypoll Idrettslag	Søknad om tilskot til kulturarbeid
9	I	05.05.2015	Viltkoret	Søknad om tilskot til kulturarbeid
10	I	06.05.2015	Vågsøy Klatreklubb	Søknad om tilskot til kulturarbeid
11	I	06.05.2015	Raudeberg Skulemusikkorps	Søknad om tilskot til kulturarbeid
12	I	07.05.2015	Almenning skytterlag	Søknad om tilskot til kulturarbeid
13	I	08.05.2015	Kulturhuset Turnhallen A/L	Søknad om tilskot til kulturarbeid
14	I	10.05.2015	Bryggja Skyttarlag	Søknad om tilskot til kulturarbeid

16		11.05.2015	Vågsøy Sportsskytterlag	Søknad om tilskot til kulturarbeid
15		11.05.2015	Tornado Måløy FK	Søknad om tilskot til kulturarbeid
17		13.05.2015	Ungdomslaget Dæmring	Søknad om tilskot til kulturarbeid
18		13.05.2015	Hei Hå 4H	Søknad om tilskot til kulturarbeid
20		13.05.2015	Vågsøy RC Lastebil	Søknad om tilskot til kulturarbeid
19		13.05.2015	Våge Oppedal Bygdelag	Søknad om tilskot til kulturarbeid
24		14.05.2015	Skram skoles musikkorps	Søknad om tilskot til kulturarbeid
21		14.05.2015	Bryggja Idrettslag	Søknad om tilskot til kulturarbeid
22		14.05.2015	Vågsøy Thairening	Søknad om tilskot til kulturarbeid
23		14.05.2015	Måløy Seilforening	Søknad om tilskot til kulturarbeid
25		15.05.2015	Almenning Skytterlag	Søknad om tilskot til kulturarbeid
28		15.05.2015	Bryggja skulekorps	Søknad om tilskot til kulturarbeid
27		15.05.2015	Eliasklubben Vågsøy	Søknad om tilskot til kulturarbeid
26		15.05.2015	Halsør Grand Prix	Søknad om tilskot til kulturarbeid



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse-og omsorgsutvalg	01.06.2015	008/15
Oppvekst- og kulturutvalg	02.06.2015	015/15
Formannskap	04.06.2015	063/15
Kommunestyre	18.06.2015	

Endelig vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 15/336	Saksansvarlig: Norvall Bakke
---	-------------------------------	--

Årsavslutning regnskap og Årsmelding 2014 for Vågsøy kommune

Rådmannens innstilling

Kommunestyret godkjenner årsregnskap 2014 for Vågsøy kommune og tar årsmelding 2014 til vitende.

Underfinansiering investering 2014 på 20 mnok med bakgrunn i forsinket låneopptak dekkes inn i 2015, og innarbeides i årsbudsjett i økonomimelding I 2015.

Mindreforbruk 2014 avsettes til ubundet driftsfond «Disposisjonsfondet» i 2015 med kroner 1,054 mnok, og innarbeides i årsbudsjett i økonomimelding I 2015.

01.06.2015 Helse- og omsorgsutvalg

Møtebehandling:

Økonomisjef Norvall Bakke informerte og svarte på spørsmål.

Votering

Rådmann si innstilling samrøystes vedtatt.

HS-008/15

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsregnskap 2014 for Vågsøy kommune og tar årsmelding 2014 til vitende.

Underfinansiering investering 2014 på 20 mnok med bakgrunn i forsinket låneopptak dekkes inn i 2015, og innarbeides i årsbudsjett i økonomimelding I 2015.

Mindreforbruk 2014 avsettes til ubundet driftsfond «Disposisjonsfondet» i 2015 med kroner 1,054 mnok, og innarbeides i årsbudsjett i økonomimelding I 2015.

02.06.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Økonomisjef Norvall Bakke orienterte og svarte på spørsmål.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

OK-015/15

Oppvekst- og kulturutvalgets vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsregnskap 2014 for Vågsøy kommune og tar årsmelding 2014 til vitende.

Underfinansiering investering 2014 på 20 mnok med bakgrunn i forsinket låneopptak dekkes inn i 2015, og innarbeides i årsbudsjett i økonomimelding I 2015.

Mindreforbruk 2014 avsettes til ubundet driftsfond «Disposisjonsfondet» i 2015 med kroner 1,054 mnok, og innarbeides i årsbudsjett i økonomimelding I 2015.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Kommunelova 1992-09-25-107

Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) 2000.12.15 nr 1424

Økonomireglementet for Vågsøy kommune av 31.05.2011

Finansreglementet for Vågsøy kommune 31.05.2011

Bakgrunn for saken

I henhold til Forskrift om årsregnskap og årsberetning §10 skal årsregnskapet og årsberetningen vedtas av kommunestyret selv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt. For regnskapet og årsberetningen for 2014 vil det si innen utgangen av juni 2015.

Saksopplysninger / fakta

Årsregnskapet for 2014 er ferdig revidert og legges frem for politisk behandling.

Det er ingen merknader i revisjonsberetningen til årsregnskapet, men det er presisert at det ved årsskiftet ikke var avsatt tilstrekkelig på skattetrekkkonto til å dekke skyldig skattetrekk.

.....Kommunen har ikke behandlet skattetrekkmidler i samsvar med bestemmelsene i skattebetalingsloven § 5-12. Pr 31.12.2014 inneholdt Vågsøy kommune sin skattetrekkkonto ikke tilstrekkelig med midler til å betale 6. termin.....

Merknad tas til etterretning og rutiner skjerpes inn. Revisjonsmelding er vedlagt i dokumentet "Årsmelding og Årsregnskap 2014 for Vågsøy kommune".

Med bakgrunn i vakante stillinger og derigjennom begrenset kapasitet ved økonomiavdelingen siste året er ferdigstilling av regnskap 2014 forsinket. Regnskapsresultat rapportert til SSB pr 12. mai 2015.

Årsregnskap drift for 2014 legges frem med et mindreforbruk på kroner 1.053.829. Det har gjennom 2014 vært utvist god økonomistyring i tjenesteområdene. Regnskapet viser et positivt netto driftsresultat på 11,3 mnok, som utgjør 2,5 % av driftsinntektene. I henhold til budsjett er det satt av 5,01 mnok til ubundet driftsfond "Disposisjonsfondet". Vågsøy kommune har ved utgangen av 2014 ubundne driftsfond tilsvarende 6,06 mnok.

Utgiftsveksten har i perioden 2005 – 2013 vært sterkere enn inntektsveksten. I 2014 er tilsynelatende utgiftsveksten noe lavere enn inntektsveksten, men dette er sterkt påvirket av et positivt netto premieavvik i 2014 på 14,5 mnok. Hovedårsaken til det positive premieavviket er at det i regnskapet for 2013 ble hentet ut 10,24 mnok fra premiefond pensjon.

Det var i budsjett for 2014 forutsatt å bruke 5,0 mnok av premiefond pensjon. Herav 2,1 mnok fra premiefond pensjon KLP sykepleieordning og 2,9 mnok fra premiefond pensjon DNB fellesordning. I regnskap for 2014 er det brukt 2,1 mnok fra premiefond pensjon KLP sykepleieordning. Ved en feil ble det ikke meldt tidsnok til DNB Livsforsikring om uttak fra premiefond pensjon DNB fellesordning i 2014. Siden avtalen med DNB Livsforsikring ble sagt opp pr 31.12.2014 var det ikke mulig å rette opp dette i regnskapet for 2014. Feilen har ikke betydning for samlet regnskapsresultat for 2014 da uttak fra premiefond har motpost i føring av premieavvik samme år.

Vågsøy kommune budsjetterer ikke utgifter til vikar ved sykefravær utenfor arbeidsgiverperioden og heller ikke med sykelønns- og svangerskapsrefusjoner. I 2014 utgjorde sykelønns- og svangerskapsrefusjonene 16,1 mnok. Ved mellom annet sammenligning av posten «Overføring med krav til motytelser» i regnskapets «Økonomisk oversikt - drift» må det tas hensyn til dette.

Årsregnskap investering for 2014 legges frem med en underfinansiering på kroner 19.991.523. Årsaken til dette er at budsjettert låneopptak for 2014 på 27,25 mnok ikke gjøres før i 2015. Låneopptak var planlagt gjort høsten 2014. Da det gjennom en kofa-sak høsten 2014 ble klarlagt krav om at låneopptak skal ut på anbud i hele EØS området ble prosessen med låneopptak svært tidkrevende.

Det har vært aktivitet i 44 investeringsprosjekt i 2014. Det største investeringsprosjektet var oppgradering av Måløy stadion på 8,4 mnok.

I forhold til vedtatt kostnadsramme for investeringsprosjektene er det merforbruk på 7 investeringsprosjekt hvorav det er reelt merforbruk ut over 50 tnok på 2 av disse. Det gjelder investeringsprosjektene «6071 Trafikksikringstiltak i Måløy Sentrum, torgområdet» (95 tnok) og «7090 Utbedring dam Skramsvatnet» (71 tnok).

Raudeberg vassverk ble tatt over av Vågsøy kommune fra januar 2014. I samband med overtaking er det gjort en ekstraordinær nedbetaling av lån som fulgte med ved overtaking av selskapet. Ekstraordinær nedbetaling av lån er ført i investeringsregnskapet med kroner 2.045.466.

Prosjektregnskap for investeringsprosjekt ligger i vedlagt dokument: "Årsmelding og Årsregnskap 2014 for Vågsøy kommune". Det er ingen investeringsprosjekt med ramme ut over 2,0 mnok som avsluttes i 2014.

Vurdering / konsekvenser

For øvrig informasjon og vurderinger av regnskap og årsmelding vises det til vedlagt dokument: "Årsmelding og Årsregnskap 2014 for Vågsøy kommune".

I samband med behandlingen av årsregnskapet må det gjøres vedtak om inndekning av merforbruk drift og/eller underfinansiering investering.

Rådmannen tilrår at kommunestyret godkjenner årsregnskap 2014 for Vågsøy kommune og tar årsmelding 2014 til vitende. Underfinansiering investering 2014 på 20 mnok med bakgrunn i

forsinket låneopptak dekkes inn i 2015, og innarbeides i årsbudsjett i økonomimelding I 2015.
Videre avsettes mindreforbruk 2014 til ubundet driftsfond «Disposisjonsfondet» i 2015 med kroner 1,054 mnok, og innarbeides i årsbudsjett i økonomimelding I 2015.

Vedlegg:

Dok.nr
167376
167480

Tittel på vedlegg
VÅGSØY KOMMUNE - Årsmelding - årsregnskap 2014 (20150515).pdf
Kommunerekneskapen med årsmelding 2014 - kontrollutvalet sak 17/15



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	02.06.2015	016/15

Endeleg vedtak i: Oppvekst- og kulturutvalg	Arkivsaknr.: 15/658	Saksansvarleg: Torill Furnes Myhre
---	-------------------------------	--

Endring av vedtekter for SFO

Rådmannen si innstilling

Oppvekst og kulturutvalet vedtek endring i vedtekter for SFO slik dei ligg føre i saka.

02.06.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Kommunalsjef Ove Aksnes og rådgiver skole Torill Furnes Myhre orienterte.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

OK-016/15

Vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet vedtek endring i vedtekter for SFO slik dei ligg føre i saka.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Opplæringslova §13-7a forskrift til opplæringslova 1a
Gjeldande vedtekter for SFO i Vågsøy kommune

Bakgrunn for saka

I reviderte vedtekter for SFO i Vågsøy kommune K-sak 024/13 ligg det inne eit eige kapittel om leksehjelp for 1.-4.kl organisert i SFO tida.

Etter å ha gjennomført høyringsprosessar i rektorgruppa, det pedagogiske personale, kommunalt foreldreutval og dei einskilde FAU på skulane er det kome fram ønske om ei endring i dette tilbudet. Det er brei semje om at leksehjelptilbodet vil være eit betre tilbud for elevane dersom ein flyttar tilbod om leksehjelp til 4.-7.trinn.

Dette vil føre til ei endring av vedtektene for SFO.

Saksopplysningar / fakta

Kommunen pliktar å ha eit tilbod om gratis leksehjelp i grunnskulen etter opplæringsloven §13-7a. Frå 1.august 2014 vart det ei endring i forskriftene slik at kommunen no fritt kan fordele dei åtte timane ein pliktar å gje til leksehjelp innanfor 1.-10.årstrinn.

Tilbodet skal være gratis for elevane og dei skal ha rett til å delta på leksehjelptilbodet, men det skal være frivillig om dei ønskjer å delta.

Formålet med leksehjelpa er å gje eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid.

Leksehjelpa skal og medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa.

Leksehjelpa er ikkje ein del av opplæringa til eleven, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gje eleven hjelp med skularbeidet.

Kriterium etter opplæringslova §13-7a forskrift til opplæringslova 1a:

- Det skal tilbydast minimum åtte timar leksehjelp for veka til elevar i grunnskulen.
- Dei åtte timane fordelast fritt på årstrinna 1.-10. slik kommunen avgjer.
- Det er ikkje noko krav om at leksehjelparane skal ha pedagogisk kompetanse.
- Krav om politiattest gjeld og for tilsette i leksehjelpa
- Elevgruppa skal ikkje vere større enn det som er trygt og pedagogisk forsvarleg.

Vurdering / konsekvensar

Eit tilbod om leksehjelp for elevar i 4.-7.klasse vil være eit betre pedagogisk tilbod som stettar formålet om leksehjelp. Det er i denne aldersgruppa større behov for hjelp til leksearbeid utifrå mengde og vanskegrad. Det er viktig å påpeike at det framleis er foreldra som har det overordna ansvar for å følgje opp leksearbeidet. Tilbodet om leksehjelp skal ikkje erstatte foreldra sitt oppfølgingsansvar og engasjement for eigne born. For dei yngste borna er det fyrst og fremst foreldra sitt engasjement og oppfølging som er det viktigaste i leksearbeidet.

For å kunne gjennomføre denne endringa i tilbod må ein endre vedtektene for SFO der ein knytter leksehjelptilbodet mot SFO tilbodet. Leksehjelp vil no ikkje være knytta til SFO.

I dei noværande vedtektene er timetalet på redusert plass 9 timar i veka, dette må då aukast til 10 timar.

Vedlegg:

Dok.nr
166957

Tittel på vedlegg

Vedtekter for SFO i Vågsøy kommune - revidert.docx



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	02.06.2015	017/15
Formannskap	04.06.2015	065/15

Endelig vedtak i: Formannskapet	Arkivsaknr.: 14/636	Saksansvarlig: Eli Stølan
------------------------------------	------------------------	------------------------------

Fjordly barnehage - Søknad om underskuddsgaranti

Rådmannens innstilling

1. Vågsøy kommune finner ikke å kunne imøtekomme søknaden om underskuddsgaranti fra Fjordly barnehage.
2. Rådmannen blir bedt om å komme tilbake med en sak om tilpassing av tilgjengelige plasser til faktisk behov.

02.06.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Rådmann Knut Ove Leite orienterte.

Votering

Det ble først votert over punkt 1 i rådmannens innstilling. Dette ble vedtatt mot 1 stemme. Punkt 2 ble så votert over. Dette ble enstemmig vedtatt.

OK-017/15

Oppvekst- og kulturutvalgets vedtak:

1. Vågsøy kommune finner ikke å kunne imøtekomme søknaden om underskuddsgaranti fra Fjordly barnehage.
2. Rådmannen blir bedt om å komme tilbake med en sak om tilpassing av tilgjengelige plasser til faktisk behov.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Barnehageloven med tilhørende forskrifter.

Bakgrunn for saken

Fjordly barnehage søker i brev av 22.10.2014 Vågsøy kommune om underskuddsgaranti fra og med 1.1.2015. Jf. jp. 14/13059 med vedlegg.

Det refereres til at regnskapskontoret Accountor/Økonor Gloppen AS har med bakgrunn i stipulert tilskudd fra kommunen, kommet fram til et mulig underskudd for 2015 på 778 935 kr.

Jf. søknaden er barnetallet i Fjordly barnehage variert fra 22 til 32 fra 2013 til 2014. Dette er barn over og under 3 år. Det har de senere år vært ledig kapasitet. Barnehagen er bygd som barnehage og er godt tilrettelagt både inne og ute for barnehagedrift.

Videre refereres det til at Fjordly barnehage eies av Normisjon Sogn og Fjordane, og har etter det som er kjent ikke tatt ut utbytte. Barnehagen er drevet nøkternt. Det er for 2014 stipulert et underskudd på 643 208,18. Dette kan trolig dekkes av tidligere års overskudd.

I brev av 31.10.2014 sendte Fjordly barnehage ved styrer Wenche Nygård utfyllende moment som vedlegg til søknaden. Jf. jp. 14/12471.

Det ble referert til søknaden i møte med Oppvekst og Kultur 25.11.2014.

Saksopplysninger / fakta

Dagens situasjon i forhold til økonomi, er noe endret. Styrer og leder for Fjordly Barnehage opplyser at utbetalt tilskudd ble større enn forventet. Det vil si at en kan drive barnehagen et år til.

Usikkerheten i forhold til driften ligger i differansen mellom antall barn i høst- og vårhalvåret. Dette skyldes at de aller fleste får plass i sin førsteprioritets barnehage fra nytt barnehage, mens det kommer nye søkere gjennom året da de andre barnehagene er fulle.

Differansen er blitt større for hvert år, og for høsten 2015 er antall barn bekymringsfullt lavt. Det har vært en jevn nedgang fra 2009 (36 barn) til 2015 (22 barn). Det er forventet noe økning i løpet av høsten/vinteren på grunn av at det er fullt i de andre barnehagene. Dette er svært uforutsigbart.

Fjordly barnehage har en godt kvalifisert personalgruppe. En har satset på kompetanseheving de siste årene for å sikre kvaliteten av barnehagen. For å greie seg økonomisk, har en benyttet seg av endringsoppsigelser for assistentene. Det har vært stor fleksibilitet fra de ansatte, men en er nå bekymret for hvor lenge dette vil vare.

Fremskrevet folkemengde for Vågsøy kommune i alderen 1 – 5 år viser en nedgang på 34 barn (fra 372 til 338) i en femårsperiode fra 2014 til 2018. (jf. SSB)

Framsikret folkemengde 2014 – 2018

	2014	2015	2016	2017	2018
1 år	66	64	65	66	67
2 år	83	68	66	66	67
3 år	75	83	68	66	68
4 år	69	76	84	69	67
5 år	79	70	77	85	69
Totalt barn i førskolealder	372	361	360	352	338

Det er i dag 318 barn med barnehageplass i kommunen, det vil si 88 prosent av alle barn i førskolealder (jf. Oppad og minkommune.no)

Vågsøy kommune har i dag seks barnehager, tre private og tre kommunale. Fjordly barnehage er den eneste barnehagen med ledig kapasitet høsten 2015. Det er ledig 19,75 plasser alderen 3 – 5 år eller omregnet til 13 plasser alderen 1 -2 år.

Av barn som har barnehageplass høsten 2015 er fordelingen slik i forhold til *postadresse:
Tallene er hentet fra barnehageprogrammet Oppad.

	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	
Fastlandet	13	17	22	26	30	108
Nord-Vågsøy	6	12	11	13	16	58
Sør-Vågsøy	14	29	29	40	27	139
	33	58	62	79	73	305

*Fastlandet = Deknepollen, Almenning, Bryggja

Nord - Vågsøy = Raudeberg

Sør - Vågsøy = Måløy, Husevåg

Vurdering / konsekvenser

Med utgangspunkt i at det er full barnehagedekning og at 88 % av alle førskolebarn går i barnehage, vil en de neste årene ha en nedgang i behovet for barnehageplasser.

Verken kommunen eller de private barnehagene kan over tid leve med overkapasitet. Det foreslåes at det utarbeides en egen sak der en tar stilling til hvordan dette best gjøres.

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	I	09.04.2014	Samarbeidsutvalet i Fjordly Barnehage	Sentralisering av barnehagane i Vågsøy kommune
1	I	24.04.2014	Fjordly Barnehage	Bekymring i henhold til fremtidig ordinær drift av Fjordly barnehage
3	U	07.05.2014	Samarbeidutvalet for Fjordly barnehage	Svar på brev ang. sentralisering av barnehagane i Vågsøy kommune
4	U	07.05.2014	Fjordly Barnehage	Svar på bekymring i henhold til fremtidig ordinær drift av Fjordly barnehage
5	I	22.10.2014	Fjordly Barnehage	Søknad om underskuddsgaranti til Fjordly barnehage
7	I	31.10.2014	Fjordly Barnehage	Søknad om underskuddsgaranti - Ettersending av dokumenter
6	U	03.11.2014	Fjordly barnehage	Foreløpig svar om mottatt søknad
9	I	24.11.2014	FAU v/Fjordly barnehage	Bekymring for framtida til Fjordly barnehage

